



Høgskulen på Vestlandet

BER332 - Bacheloroppgave

BER332

Predefinert informasjon

Startdato:	05-05-2020 09:00	Termin:	2020 VÅR
Slutt dato:	27-05-2020 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave	Studiepoeng:	15
SIS-kode:	203 BER332 1 H 2020 VÅR Bergen		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.: 319

Informasjon fra deltaker

Antall ord *: 10467

Egenerklæring *: Ja

Inneholder besvarelsen konfidensielt materiale?: Nei

Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *: Ja

Gruppe

Gruppenavn: (Anonymisert)

Gruppenummer: 2

Andre medlemmer i gruppen: 313, 329

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Ja, Bø Sommarland



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Universell utforming av Skandinavias
største vasspark

Universal design of the largest
waterpark in Scandinavia

Kandidat nummer: 313, 319 og 329

Bachelor i ergoterapi

Fakultet for helse og sosialvitenskap

Institutt for helse og funksjon

Rettleiar: Merethe Hustoft

Innleveringsdato: 27.05.2020

Tal på ord: 10 467

Me stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Føreord

Bacheloroppgåva er ei avslutning på vår treårige bachelor i ergoterapi, oppgåva sitt omfang er 15 studiepoeng og skrivast våren 2020.

Arbeidet med bacheloroppgåva har vore ein krevjande og omfattande prosess, samtidig har den vore svært lærerik. Grunna Covid-19 har me ikkje hatt moglegheit til å treffast for å arbeide saman, samarbeidet har difor gått føre seg over digitale plattformer.

Fyrst og fremst vil me rette ein stor takk til vår rettleiar, Merethe Hustoft, for gode diskusjonar, konstruktiv kritikk og tolmod gjennom heile prosessen. I tillegg vil me takke Ingrid Myrjord Norheim og René Langeveld Sas i Bø Sommarland. Ingrid var med på å utvikle ideen om å sjå på Bø Sommarland si universelle utforming og har vore hovudkontaktpersonen vår gjennom heile prosessen. René har bidratt med nyttig informasjon om parken og kva som er utfordrande moment knytt til den universelle utforminga. Vidare vil me takke resterande tilsette i Bø Sommarland som tok oss godt imot når me var på synfaring og gav oss full tilgang til alle områder i parken.

Avslutningsvis ynskjer me å takke foreldre og sysken for å ha stilt med mat og husrom når me kartla Bø Sommarland og for hjelp til korrekturlesing av bacheloroppgåva.

Bergen, 27. mai 2020

Samandrag

Tittel: “Universell utforming av Skandinavias største vasspark”

Føremål: Føremålet med studien var å forske på korleis universell utforming påverka deltaking i aktivitet. Me ynskte å sjå på ungdom med fysiske funksjonsnedsetjingar og ergoterapeutar si erfaring om korleis omgjevnadane verka hemmande og/eller fremjande ved deltaking i aktivitet. Vidare ynskte me å sjå på korleis kunnskapen kan auke deltaking i ein attraksjon i Bø Sommarland.

Problemstilling: “Korleis kan erfaringar knytt til aktivitet og deltaking bidra til utbetring av den universelle utforminga av ein attraksjon i Bø Sommarland?”

Metode: For å svara på problemstillinga nytta me litteraturstudie som metode, kor me har samla inn og systematisert kunnskap frå kvalitative studiar. Det har i tillegg vore utført ei kartlegging av tilkomsten til attraksjonen Jettegryta i Bø Sommarland. Me har gjennomført ei tematisk analyse.

Resultat: Forsking syner til at fysiske og sosiale omgjevnadar er faktorar som verkar hemmande og fremjande for deltaking i aktivitet hjå ungdom med fysiske funksjonsnedsetjingar. Ungdommane sin motivasjon og ynskje om å meistre ein aktivitet påverka utføring og tilfreds ved deltakinga. Deltaking i aktivitet er eit samspel mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadane. Den universelle utforminga i Bø Sommarland er påverka av området sin topografi.

Konklusjon: Ved å nytte universell utforming som middel for å nå målet om å auke deltaking for fleire menneskje i attraksjonen Jettegryta, vil tilrådingane truleg ha positiv effekt.

Nøkkelord: Ergoterapi, universell utforming, aktivitet og deltaking, ungdom med fysiske funksjonsnedsetjingar, fysiske omgjevnadar.

Abstract

Title: Universal design of the largest waterpark in Scandinavia

Purpose: The purpose of this study was to explore how universal design affects participation in activities. We wanted to study how youth with physical impairments and occupational therapists experiences on how the environment can have a positive and/or negative effect on participation in activities. Furthermore we wanted to see how this knowledge could increase participation for attractions in Bø Sommarland.

Research question: “How can experiences tied to activity and participation contribute to improvement of the universal design of an attraction in Bø Sommarland?”

Method: To answer our issue we utilized literature review as a method, where we collected and systemized knowledge from qualitative studies. The accessibility to the attraction Jettegryta in Bø Sommarland was mapped. We conducted a thematic analysis.

Results: Studies indicate that the physical and social environment contains both inhibiting and promotive factors tied to participation in activities for youth with physical impairments. Motivation is an important factor in participation for youth, as it correlates to both their execution and satisfaction of the activity. Attendance in activities are affected by the interplay between people, activity and environment. The universal design at Bø Sommarland is limited by its terrain.

Conclusion: To achieve our goal of increasing participation for the attraction Jettegryta, we employed the use of universal design and believe our recommendations will have a positive impact towards this goal.

Keywords: Occupational therapy, universal design, activities and participation, youth with physical impairments, physical environments.

Innhald

1.0 Innleiing	6
1.1 Bakgrunn og grunngjeving for val av tema	6
1.2 Føremålet med studien	7
1.3 Problemstilling	7
1.4 Bø Sommarland	8
2.0 Teoretisk grunnlag.....	10
2.1 Universell utforming	10
2.1.1 Utvikling av omgrepet universell utforming	10
2.1.2 Kva er universell utforming?	11
2.1.3 Dei sju prinsippa for universell utforming	12
2.2 Modellen for menneskje, aktivitet og omgjevnadar	14
3.0 Metode	16
3.1 Litteraturstudie	16
3.2 Kartlegging	17
3.3 Datainnsamling	17
3.3.1 Inkluderande krav	18
3.3.2 Databasar	19
3.3.3 Søkjestrategiar	19
3.4 Analyse.....	19
3.4.1 Kritisk vurdering	19
3.4.2 Etisk vurdering	20
3.4.3 Analysering av resultat.....	20
4.0 Resultat.....	21
4.1 Resultat av søk og flytdiagram	21
4.2 Hovudfunn og kritisk vurdering	24
4.3 Tema og presentasjon av resultat	28
4.3.1 Erfaringar knytt til hemmande og fremjande faktorar i omgjevnadar	29
4.3.2 Familien påverkar deltaking.....	30
4.3.3 Tilfredsheit og utføring av deltaking i aktivitet.....	30
4.3.4 Samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadar	31
4.3.5 Resultat av kartlegging ved Jettegryta.....	32

5.0 Diskusjon	34
5.1 Erfaringar knytt til hemmande og fremjande faktorar i omgjevnadar.....	34
5.2 Familien påverkar deltaking	35
5.3 Tilfredsheit og utføring av deltaking i aktivitet	37
5.4 Samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadar	39
5.5 Framtidige perspektiv	41
5.6 Metodediskusjon	42
5.6.1 Styrkar og svakheiter ved studien.....	42
5.6.2 Refleksjon over eiga rolle som forskar.....	44
6.0 Konklusjon	45
7.0 Referansar	47

Figurar og bilete

Figur 1: GAP-Modellen	12
Figur 2: Modellen for menneskje, aktivitet og omgjevnadar	15
Figur 3: Flytdiagram	23
Bilete 1: Tilkomst til Jettegryta	33
Bilete 2: Trappeseksjon 1	33
Bilete 3: Trappeseksjon 2	33
Bilete 4: Trappeseksjon 3	33

Tabellar

Tabell 1: PICO-skjema	16
Tabell 2: Inkluderande og ekskluderande krav	18
Tabell 3: Resultat av søk	22
Tabell 4: Resultat og kritisk vurdering	25
Tabell 5: Likskap og ulikskap ved studia	28
Tabell 6: Tematisk oversikt	29

1.0 Innleiing

Det kjem fram i Nasjonalt kompetansemiljø om funksjonshemming at menneskje med funksjonsnedsetjingar bør få like moglegheiter til å realisera egne ynskje om deltaking i fritidsaktivitetar på lik line med funksjonsfriske (NAKU, 2019). Organisasjonen trekkjer fram at det er mangel på tilgjengelegheit og tilrettelagte tilbod i samfunnet som avgrensar moglegheita for å delta i ynskja aktivitetar (NAKU, 2019). I fylgje artikkel 30 i FN-konvensjon om rettighetene til menneskje med funksjonsnedsetjingar har menneskje med funksjonsnedsetjing rett til å delta i kulturlivet på lik line med funksjonsfriske (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2013-b). I St. meld. nr. 45 står det som eit mål at det skal leggjast til rette for at menneskje med funksjonsnedsetjing skal ha like moglegheiter til å delta på ulike fritidsaktivitetar som andre i samfunnet (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2013-a). Organisasjonen, konvensjonen og stortingsmeldinga syner til at menneskje med funksjonsnedsetjing skal ha rett til delta på lik line med andre. På bakgrunn av fokuset på deltakinga, vil me sjå nærare på kva menneskje med funksjonsnedsetjingar opplever knytt til deltaking i samfunnet. Erfaringane vil me knyte opp mot eit prosjekt som omhandlar blant anna universell utforming.

1.1 Bakgrunn og grunngjeving for val av tema

Hausten 2019 hjelpte eit gruppedlem vassparken Bø Sommarland med å finne nye hjelpemiddel som parken ynskja oppgradert. Samarbeidet haldt fram då parken ynskte ei vurdering av den noverande universelle utforminga, som vart tema for bacheloroppgåva vår. Prosjektet var ei god moglegheit for oss ergoterapistudentar å arbeida med eit dagsaktuelt tema og sjå korleis fleire menneskje kan delta aktivt i Bø Sommarland. I ein kunnskapsoversikt om deltaking blant born og unge med funksjonsnedsetjing frå 2018 kjem det tydeleg fram at menneskje med funksjonsnedsetjingar deltek i mindre grad i samfunnet. I oversikta kjem det òg fram at born og unge med funksjonsnedsetjingar deltek i færre og meir rolege fritidsaktivitetar enn funksjonsfriske born og unge (Kissow & Klasson, 2018). Vidare syner Bult, Verschuren, Jongmans, Lindeman og Ketelaar (2011) til at deltaking i

fritidsaktivitetar blant born og unge med funksjonsnedsetjingar er komplekst og sjeldan kan forklarast med at det er ein faktor som påverkar moglegheita for deltaking. Innan forskning finst det eit mangfald av studiar som tek føre seg korleis sosiale omgjevnadar påverkar deltaking i aktivitet blant born og unge med fysisk funksjonsnedsetjing. Det me har identifisera som eit kunnskapshol er korleis dei fysiske omgjevnadane påverkar deltaking i ynskja aktivitetar, samstundes som ein fokuserer på samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadane. Me ynskja på bakgrunn av kunnskapsoversikta, empiri og Bø Sommarland si utforming å finne ut korleis universell utforming kan fremja deltaking i aktivitet hjå born og unge med fysiske funksjonsnedsetjingar.

1.2 Føremålet med studien

Føremålet med studien vil vera å identifisere korleis fysiske omgjevnadar verkar hemmande og fremjande på deltaking i aktivitet blant born og unge med fysisk funksjonsnedsetjing. I arbeidet som ergoterapeut har ein fokus på menneskje sine ynskje og å leggja til rette for aktivitet og deltaking (Brandt, Madsen & Peoples, 2016, s. 17). Det vil hovudsakleg bli vektlagt korleis utforminga av fysiske omgjevnadar hemmar og fremjar deltaking i aktivitet. Samstundes er det viktig å sjå på samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadar og korleis desse komponentane påverkar menneskje si deltaking i aktivitet. Ved å innhenta kunnskap frå studiar som tek føre seg erfaringar knytt til korleis omgjevnadane påverkar deltaking i aktivitet, vil dette skape forståing og mogleg dekkje kunnskapsholet. Vidare vil føremålet med studiet ta føre seg om det er mogleg å auke deltakinga i parken sitt mangfaldige aktivitetstilbod ved hjelp av universell utforming.

1.3 Problemstilling

I denne bacheloroppgåva vil me sjå nærare på korleis fysiske omgjevnadar påverkar born og unge med fysisk funksjonsnedsetjing til å delta i ynskja aktivitetar. Me ynskjer å identifisera kva som er hemmande og fremjande faktorar i omgjevnadar for deltaking, og vidare sjå på

korleis det kan setjast i samanheng med Bø Sommarland si universelle utforming.

Problemstillinga er fylgjande:

Korleis kan erfaringar knytt til aktivitet og deltaking bidra til utbetring av den universelle utforminga av ein attraksjon i Bø Sommarland?

For å konkretisere problemstillinga er fylgjande forskingsspørsmål utarbeida:

1. Kva erfaringar har born og unge med funksjonsnedsetjingar knytt til deltaking i aktivitet?
2. Korleis kan ergoterapeuten minska hemmande faktorar i omgjevnadane slik at flest mogleg kan delta i aktivitet?

1.4 Bø Sommarland

Bø Sommarland er Skandinavias største vasspark utandørs på 35 hektar og ligg i Bø i Telemark (Parques Reunidos, U.Å.). Ideen om å opne ein vasspark kom våren 1984 frå Bjørgulf Stavenes, næringskonsulent i Bø kommune. Stavenes og fleire i næringsutvalet i Telemark reiste til Sverige og fekk inspirasjon frå mindre parkar (Kleppen, 2005, s. 10). Hausten 1984 vart Halvor Kleppen og Tor Erik Gunstrøm med på laget. Dei to aktørane bidrog til marknadsføringa av parken sin oppstart, og var med å arrangere show i parken frå 1986 til 1998 som vart sendt på NRK (Kleppen, 2005, s. 5 & s. 40). I utbygginga av parken vart det nytta lokale ressursar på alle områda kor det var mogleg. Parken opna i 1985 og har vore open kvar sommar mellom juni og august sidan (Kleppen, 2005, s. 22-26). Bø kommune starta opp Telemark Sommarland, men ganske snart selde kommunen parken og det vart eit privat aksjeselskap (Kleppen, 2005, s. 10). I aksjeselskapet hadde alle moglegheit til å kjøpe aksjar, noko som gav gratis inngang i parken. Det vart ikkje utbetala utbytte til aksjonærane i Bø Sommarland, men pengane gjekk til å byggje nye attraksjonar i parken (Kleppen, 2005, s. 25). Mange i lokalbefolkninga i Bø vart aksjonærar, og det har bidrege til å skape ein ekstra nærleik til parken for lokalbefolkninga. Bø Sommarland har òg ein stor påverknad på det

lokale næringslivet i Bø, knytt til kor mange som besøker parken kvart år (Kleppen, 2005, s. 188). I 2001 endra parken namn frå Telemark Sommarland til Bø Sommarland (Brønnøysundregistrene, 2001).

Bø Sommarland vart i 2006 kjøpt opp av det spanske selskapet Parques Reunidos, som er eit større selskap som eig fornøyelsesparkar over heile verda. Då vart alle aksjonærene kjøpt ut, men tidlegare småaksjonærar har beholdt gratis inngang på livstid (Bø Sommarland, U.Å-a).

Opp gjennom åra har parken utvikla tilbodet til gjestene. Per i dag består hovudsakleg aktivitetstilboda i parken av ulike vassattraksjonar, basseng, leikeland, spelbodar og hinderløype. Parken sine hovudelement for aktivitet er vassaktivitetar, og når parken gjer endringar eller byggjer nye attraksjonar er det hovudsakleg knytt til aktivitetar i vatn (Bø Sommarland, U.Å-a). Bø Sommarland har eigne prisar på billettar for menneskje med funksjonsnedsetjing, og ledsagarar kjem inn gratis med ledsagarbevis (Bø Sommarland, 2020). Parken har sju fast tilsette med om lag 300 sesongtilsette og parken omfattar om lag 45 årsverk. Kvar sommar er det om lag 150 000 besøkjande i parken (Parques Reunidos, U.Å.). I arbeidet med oppgåva har me hatt to kontaktpersonar som har bidrege med naudsynt informasjon om oppbygging av parken, regelverk og liknande.

Bø Sommarland har fleire retningslinjer å fylgje når det kjem til utforming av parken sine områder. Ved utforming av uteområda må parken fylgje byggteknisk forskrift (TEK17). Forskrifta skal blant anna sikre at tiltak planleggjast i høve universell utforming og oppfylle tekniske krav knytt til tryggleik (Direktoratet for byggkvalitet, 2017). I vassattraksjonane må parken fylgje EN1069, ein europeisk standard for korleis vassklier skal nyttast og vedlikehaldas (European committee for standardization, 2017).

Då me var på synfaring og gjennomførte kartlegging fekk me informasjon om kva tiltak Bø Sommarland allereie hadde starta med knytt til universell utforming. Parken sine nye tiltak omfatta markering av søppeldunkar i nye fargar for betre synlegheit, bygging av rampe inn til sanitetsboda for trinnfri tilkomst og reduksjon av stigning i ein bakke. Vidare har parken kjøpt inn rullestolar for utleige, hev og senk stellebord, ein kvilebenk i sanitetsboda og ein rullestol som kan nyttast i vatten.

2.0 Teoretisk grunnlag

Me vil no presentere relevant teori knytt til oppgåva. Fleire teoriar var relevante for oppgåva, men etter diskusjon i gruppa har me valt ut dei teoriane me meiner bidreg best til å svare på problemstillinga. Fyrst kjem ein gjennomgang av utviklinga og definisjonen av universell utforming, så vil det koma ein presentasjon av dei sju prinsippa ved universell utforming. Avslutningsvis vil den ergoterapeutiske omgrepsmodellen “Modellen for menneskje, aktivitet og omgjevnadar” verta presentert.

2.1 Universell utforming

2.1.1 Utvikling av omgrepet universell utforming

I Noreg på 1900-talet var menneskje si gjennomsnittlege levetid estimert til omlag 52 år, medan i 2016 var levetida i snitt rekna til 80 år (Folkehelseinstituttet, 2018). Befolkninga har vakse, og fleire menneskje lever med funksjonsnedsetjing no enn tidlegare. På lik line med vekst i befolkninga, har fokuset på universell utforming auka betrakteleg i løpet av dei siste tiåra. Universell utforming har utvikla seg på bakgrunn av utbetra lovverk, rehabilitering og teknologiske hjelpemiddel (The center for universal design, 2008).


På 1950-talet starta ein borgarrettsrørsle i USA, kor det kom fram at menneskje med funksjonsnedsetjing ynskte moglegheit for utdanning og ikkje berre helsehjelp (NC state university, 2008). Dei fysiske omgjevnadane var ei hindring for menneskje med funksjonsnedsetjing som resulterte i utvikling av nasjonale standardar for terskelfrie bygg. Borgarrettsrørsla inspirerte til rørsla for funksjonshemming som i stor grad påverka lovgjevnadar frå 1970-talet til 1990-talet. Dei nye lovane gav forbod mot diskriminering av menneskje med funksjonsnedsetjing og gav tilgang til utdanning, offentlege overnattingsstader, telekommunikasjon og transport. Fleire statar i USA vart inspirert av rørsla og utviklinga av omgrepet “Universal design” var i gang (NC state university, 2008). Universell utforming vart fyrst nemnd i ein norsk publikasjon i 1997 med tittel “*Universell utforming: Planlegging og design for alle*” (Aslaksen, Bergh, Bringa & Heggem, 1997).

Omgrepet vart implementert i Noreg som universell utforming for å identifisera heilskapsforståing av tilgjengelegheit for menneskje med funksjonsnedsetjing. Publikasjonen var utgjeven av Statens råd for funksjonshemma og byggjer på definisjonane og prinsippa til The Center for Universal Design (Aslaksen, Bergh, Bringa & Heggem, 1997). Universell utforming vart fyrst nemnd i politisk dokument i 2001; NOU 2001:22 *Fra bruker til borger*. I dokumentet kjem det fram at omgrepet er nyttig og lovande, men at alle former for diskriminering ikkje kan vernast grunna mangfaldet av funksjonsnedsetjingar (NOU 2001:22, 2001, s. 26). I seinare tid kom blant anna Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven (2013) med ei utgreiing om “Likeverd og deltaking” og Noreg styrka eit vern mot diskriminering på grunnlag av funksjonsnedsetjing.

2.1.2 Kva er universell utforming?

I Noreg er det to offisielle definisjonar av omgrepet universell utforming. I Likestillings- og diskrimineringsloven (2017), som tok til å gjelda frå 2009, skildrar § 17 universell utforming som utforming eller tilrettelegging av fysiske til høve samt informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT). Utforminga har som mål at flest mogleg kan nytte seg av private og offentlege verksemder, uavhengig om ein har funksjonsnedsetjingar (Likestillings- og diskrimineringsloven, 2017). FN-konvensjonen om rettigheit for menneskje med funksjonsnedsetjingar, tok til å gjelda i Noreg frå 2013 (Arbeids- og inkluderingsdepartementet & Barne-, 2013). Konvensjonen skildrar at universell utforming tek føre seg at produkt, omgjevnadar, program og tenester er utforma slik at det kan nyttast av flest mogleg, og det ikkje er naudsynt med særskilt tilrettelegging eller utforming. Universell utforming skal ikkje ekskludere moglegheita til å nytte seg av naudsynte hjelpemiddel (Arbeids- og inkluderingsdepartementet & Barne-, 2013).

I samband med at utforminga skal nyttast av flest mogleg, vil det vera vesentleg å ta føre seg samfunnet sine krav for å delta i aktivitet. I St.meld. nr. 40 vert GAP-modellen skildra - sjå figur 1 for illustrasjon (Arbeids- og sosialdepartementet, 2003). Modellen syner til korleis ein kan justera samfunnet sine krav og etablere utforming slik at fleire kan delta aktivt i samfunnet. Samfunnets krav og menneskje sine dugleikar og føresetnadar påverkar gapet for å kunne delta i aktivitet (Arbeids- og sosialdepartementet, 2003).



Figur 1: GAP-modellen (Arbeids- og sosialdepartementet, 2003).

2.1.3 Dei sju prinsippa for universell utforming

I 1997 utarbeida ei tverrfagleg gruppe ved Center of Universal Design ved North Carolina State University i USA sju prinsipp for universell utforming. Prinsippa vart utarbeida for å vurdere eksisterande utforming og som eit reiskap i nye utformingsprosessar (Connell et al., 1997).

- **Prinsipp 1 - Like moglegheiter for alle**

Fyrste prinsipp tek føre seg utforming av tilgjengelegheit og korleis mogleggjera deltaking for menneskje med ulike dugleikar (Connell et al., 1997). Retningslinene skildrar at alle menneskje skal ha moglegheiter til å nytte seg av utforminga.

Utforminga skal ikkje ekskludere eller stigmatisere nokre menneskjegrupper. Vidare skal utforminga sikra tryggleik og sikkerheit knytt til personvernet til menneskje, og vera designa slik at det er funksjonelt for alle (Connell et al., 1997).

- **Prinsipp 2 - Fleksibel i nytte**

Prinsippet skildrar at utforminga skal vera funksjonell for mange og dekkje eit individuelt behov knytt til både preferansar og dugleikar (Connell et al., 1997).

Retningslinene for prinsipp to omfattar at det skal vera mogleg å nytte universell utforming på fleire måtar. Utforminga skal fremja forenkling av brukar sin koordinasjon samt gje moglegheit for tilpassing knytt til brukar sitt tempo (Connell et al., 1997).

- **Prinsipp 3 - Enkel og intuitiv å nytte**

Det tredje prinsippet omhandlar at universell utforming skal vera enkelt og intuitivt å nytte uavhengig av språk, erfaringar, kunnskap og konsentrasjonsnivå (Connell et al., 1997). Retningslinene tek føre seg at utforminga skal samsvare med brukar sine forventningar og ein skal eliminere kompleksitet. Den viktigaste informasjonen skal vera mest tydeleg og det skal vera tilbakemeldingsfunksjonar ved nytte (Connell et al., 1997).

- **Prinsipp 4 - Brukarvennleg formidling av informasjon**

Prinsippet tek føre seg korleis ein skal sikra at informasjonen som skal verta formidla er brukarvennleg og effektiv uavhengig av omgjevnadar og den enkelte sine sansar (Connell et al., 1997). Retningslinene skildrar at ein skal nytte ulike metodar, både verbalt, taktilt og visuelt, for å presentera naudsynt informasjon som skal vera maksimert i lesestorleik. Utforminga skal skilja ulike element frå kvarandre og gje compatible løysingar (Connell et al., 1997).

- **Prinsipp 5 - Toleranse for feil**

Prinsippet omhandlar utforminga sin risiko knytt til å minske farar og uynska hendingar som kan føre til skadar (Connell et al., 1997). Retningslinene syner til at utforminga av elementa som nyttast ofte vert plassert mest tilgjengeleg og element med høgare faremoment blir isolera eller eliminera, i den grad det er mogleg. Det skal vera feilsikre funksjonar kor farar eller feil skal tydeleg markerast, for å motverka farlege handlingar i oppgåver som krev at ein er merksam (Connell et al., 1997).

- **Prinsipp 6 - Låg fysisk innsats**

Det sjette prinsippet skildrar at utforming skal vera effektiv og komfortabel for brukaren, som vil minska den fysiske innsatsen som krevjast (Connell et al., 1997). Det blir i retningslinene skildra at det skal vera utforma slik at ein kan oppretthalde ein naturleg kroppsposisjon. Utforminga skal leggje til rette for gunstig fordeling av krefter, minsking av repeterande rørsler og vedvarande fysisk innsats (Connell et al., 1997).


- **Prinsipp 7 - Storleik og plass for tilgang og nytte**

Det siste prinsippet tek føre seg fordelaktig storleik og plass for tilstrekkeleg tilgang, rekkjevidde, betjening og nytte uavhengig av brukar si kroppsstorleik, kroppsstilling eller mobilitet (Connell et al., 1997). Retningslinene syner til at vesentlege element ved utforminga skal vera mogleg å nytte seg av i både sitjande og ståande posisjon slik at ein får ei tydeleg sikteline. Det skal vera moglegheit for variasjon av hand- og grepsstorleik samt vera plass til å nytte naudsynte hjelpemiddel og personleg assistanse (Connell et al., 1997).

2.2 Modellen for menneskje, aktivitet og omgjevningar

Modellen for menneskje, aktivitet og omgjevningar (MAO) vart utvikla av ergoterapeutar på 1980-talet i USA som ein rettleiar i arbeidet som ergoterapeut (Christiansen, Baum & Bass, 2011, s. 93). Modellen tek føre seg komponentane menneskje, aktivitet og omgjevningar - sjå figur 2 for illustrasjon. Komponentan menneskje omfattar faktorar innan dei fysiske, psykiske, motoriske, kognitive og andelega aspekta (Hinojosa, Kramer & Royeen, 2017, s. 167). Dei fysiske aspekta ved menneskje omhandlar kva menneskje kan meistre ut frå sin fysiske kapasitet i samhandling med den motoriske dugleiken. Medan dei psykiske aspekta omhandlar menneskje sin motivasjon og sjølvkjensle saman med den kognitive dugleiken. Dei kognitive aspekta seier noko om kva menneskje kan meistre ut frå blant anna merksemd og problemløysing (Hinojosa et al., 2017, s. 170). Komponentan aktivitet omfattar bestemte handlingar og føremål ein gjer i løpet av ein dag. Den omhandlar vidare aktiviteten og

kjenneteikn ved aktiviteten, oppgåva eller rolle kvart menneskje har (Hinojosa et al., 2017, s. 170). Den siste komponenten i modellen tek føre seg omgjevnadane rundt menneskje. Omgjevnadane omfattar kulturell og sosial stønad, fysiske, naturmessige og sosiale omgjevnadar, hjelpemiddel og offentleg politikk. Mange av faktorane spelar inn på kor tilgjengeleg og brukarvennleg omgjevnadane er for menneskje. Det omhandlar med andre ord faktorar som menneskje kjem i kontakt med i løpet av ein dag (Hinojosa et al., 2017, s.170). Når menneskje er i aktivitet samhandlar ein med omgjevnadane. Samhandlinga kan sjåast på som ein gjensidig konsekvens av menneskje, aktivitet og omgjevnadane. Menneskje sitt mål og intensjon i ei aktivitetsutføring vert påverka av omgjevnadane handlinga skjer i og menneskje sin moglegheit for utføring (Hinojosa et al., 2017, s. 164-165).



Figur2: Modellen for menneskje, aktivitet og omgjevnadar (Hinojosa, Kramer & Royeen, 2017, s. 167).

3.0 Metode

I dette kapitlet vil me presentere korleis kartlegginga i Bø Sommarland vart gjennomført. Det er valt å nytte seg av Helen Aveyard sin metode for litteraturstudie. Me vil gå gjennom valt metode for studien steg for steg. Metoden vil vera hensiktsmessig for å svare på problemstillinga vår grunna ynskje om å sjå på tidlegare erfaringar knytt til korleis universell utforming påverkar moglegheitene for deltaking i aktivitet (Aveyard, 2019, s. 2-4).

3.1 Litteraturstudie

I litteraturstudiet samla me inn relevant litteratur knytt til problemstillinga. Når me utarbeida problemstillinga nytta me PICO-skjema for å identifisere kva moment som var vesentlege å ha med (sjå tabell 1). Vidare gjennomførte me systematiske søk og analysert inkluderte studiar. Ved å setje saman informasjonen som kom fram av ulike studiar identifisera me korleis erfaringar som er knytt til universell utforming påverka deltaking i aktivitet blant born og unge med fysiske funksjonsnedsetjingar. Vidare såg me på korleis dette kunne nyttast til å auke deltaking i ein attraksjon i Bø Sommarland (Aveyard, 2019, s. 2-4).

P:	Populasjon, pasient, problem	Born og unge med fysiske funksjonsnedsetjingar
I:	Intervensjon	Erfaringar knytt til universell utforming
C:	Samanlikning (comparison)	Ikkje relevant knytt til problemstilling
O:	Utfall (outcome)	Korleis universell utforming hemmar og/eller fremjar deltaking i aktivitet

Tabell 1: PICO-skjema

3.2 Kartlegging

I forkant av oppstarten på prosjektet var me på synfaring i Bø Sommarland. Det vart gjennomført ei kartlegging for å etablere ei heilskapleg oversikt over parken si noverande utforming utandørs (Kartverket, 2020). Kartlegginga av parken bidrog til å syna kva som hemmar og fremjar aktivitet og deltaking ved noverande utforming. Gjennom kartlegginga nytta me egne erfaringar og kunnskap om universell utforming knytt til bustad innandørs og utandørs. I tillegg las me oss opp på relevant teori. I kartlegginga hadde me med oss notatblokk, kamera, to måleband på høvesvis 20 og 1,5 meter samt ein tommestokk på 1,6 meter. Me hadde ein fordel ved at me fekk besøkje parken når den var stengt og utan at det var gjester til stades. Me fekk òg tilgang til alle område. Kartlegginga gjekk føre seg over fleire dagar, noko som gjorde det mogleg å gjere ei grundig kartlegging. Under synfaringa fekk me fyrst ei omvising av heile parken, og deretter gjekk me på eigenhand å kartla kvart einskild område. Kartlegginga sikra oss tilstrekkeleg informasjon for vidare arbeid med den universelle utforminga utandørs i parken. I oppgåva vil me ta føre oss tilkomsten til vassattraksjonen "Jettegryta". Ved tilkomsten kartla me kva naturomgjevnadar tilkomsten var utforma i. Vidare såg me på oppbygginga av trappeseksjonane i tilkomsten og gjennomførte ulike målingar og fotografering av trappene og omgjevnadane. På bakgrunn av kartlegginga var det vidare naturleg å søkja etter relevant forskning om korleis universell utforming påverkar deltaking i aktivitet.

3.3 Datainnsamling

Det finst mykje litteratur knytt til universell utforming og det var viktig på førehand å avklara kva type litteratur me ynskja søkje etter. Ved å ha avklart dette var det enklare å identifisere kva litteratur som var relevant for å svara på problemstillinga (Aveyard, 2019, s. 42-43).

Me søkte etter forskning som identifisera korleis universell utforming hemma og/eller fremja deltaking i aktivitet hjå born og unge med fysiske funksjonsnedsetjingar (Aveyard, 2019, s. 45). Gjennom systematiske søkjestrategiar ynskta me å sjå etter kvalitative studiar på fenomenologi, som tek føre seg menneskje si subjektive verkelegheitsoppfatning (Aveyard,

2019, s. 62-63). For å identifisera kva forskning som var mest relevant valte me å utarbeida eit hierarki (Aveyard, 2019, s. 69). Vårt hierarki var kategorisert på fylgjande måte:

- Kvalitative studiar på fenomenologi med born og unge med fysiske funksjonsnedsetjingar
- Kvalitative studiar med born og unge med fysiske funksjonsnedsetjingar
- Kvalitative og kvantitative (blanda metode) studiar med born og unge med fysiske funksjonsnedsetjingar
- Ergoterapeutar si meining knytt til temaet

3.3.1 Inkluderande krav

I tabell 2 skisserast det ei oversikt over kva for kriteria me nytta som inkluderande krav i søkjeprosessen. Innsnevra tidsramma utelukka eldre artiklar som mogleg ikkje var relevante for notidas regelverk og retningsliner knytt til universell utforming. Ved å utelukka artiklar som er eldre enn frå 2010 fekk me ei oversikt over nyare og meir relevante artiklar. Ut frå problemstillinga var ergoterapeutiske artiklar mest eigna med fokus på erfaring med deltaking i fysiske omgjevningar. Me vektla å sjå på erfaringar knytt til fritidsaktivitetar framføre kvardagsaktivitetar.

Inkluderande krav	Ekskluderande krav
Artiklar publisera etter 2010	Artiklar publisera før 2010
Engelsk eller skandinaviske språk	Artiklar som ikkje er på engelsk eller skandinaviske språk
Ergoterapeutiske forskning	Ikkje ergoterapeutisk forskning
Tilgjengeleg i fulltekst	Ikkje tilgjengelege i fulltekst
Funksjonsnedsetjing	Funksjonsfrisk
Fritidsaktivitet	ADL-aktivitet

Tabell 2: Inkluderande og ekskluderande krav

3.3.2 Databasar

Me nytta databasa Medline som er verdas største medisinske bibliotek og tek føre seg ei rekkje helserelatera vitenskaplege litteratur og forskning av høg kvalitet som vert oppdatert dagleg (Høgskulen på Vestlandet, U.Å). Embase er ei av databasane som vart nytta.

Databasa har artiklar frå over 7 600 medisinske tidsskrift frå ulike delar av verda. Embase er eit supplement til Medline og har artiklar frå 1974 og fram til dags dato. PubMed er ein internasjonal database som vart nytta til søkinga. Denne har mykje likt innhald som Medline, men har eit anna søkjegrensesnitt. Databasa har tidsskriftsartiklar frå omlag 4 800 helse faglege tidsskrift (Høgskulen på Vestlandet, U.Å).

3.3.3 Søkjestrategiar

MeSH-termar (Medical Subject Headings) vart nytta for å utarbeida gode synonym til søkjeorda (Aveyard, 2019, s. 84). Det vart utarbeida ein tabell over nytta søkjeord og kombinasjonar. Me valde "avansert søk"-funksjonen i databasane for å nytte oss av bolan operatørane (Aveyard, 2019, s. 85-86). Me nytta bolan operatøren "AND" for å kombinere fleire søkjeord. Bolan operatøren "OR" nytta me for å identifisere ein eller fleire termar av kvart einskild søkjeord. Kombinasjonen av "AND" og "OR" bidrog til å avgrense søkja våre. Vidare avgrensa me søkja ved at søkjeorda skulle inngå i tittel og/eller samandrag (Aveyard, 2019, s. 85-86). Undervegs i prosessen vart søkja dokumentert for å gjenta søkja i fleire databasar og for å vita kva søkjekombinasjonar som vart nytta (Aveyard, 2019, s. 87). Søkjestrategiane som vart utarbeida danna grunnlaget for kvalitetsvurderinga og analysa.

3.4 Analyse

I fylgje Aveyard (2015, s. 133-134) er analysering ein pågåande og omfattande prosess. Vidare vil me ta føre oss korleis artikkelane vart analysert.

3.4.1 Kritisk vurdering

I arbeidet med å velje ut relevante artiklar loggførte me arbeidet og utarbeida ein oversiktstabell over søkjekombinasjonar og resultat (Aveyard, 2019, s. 92-94). Vidare laga

me eit flytdiagram som skissera prosessen med korleis me selekterte artiklane i høve inkluderande krav. Fyrst las me gjennom titlane og selekterte ut kva som var relevant knytt til problemstillinga. Vidare las me tittel og samandrag av utvalde artiklar. Om samandraget samsvarar med inkluderande krav og kunne bidra til å svara på problemstillinga, vart artikkelen tatt ut i fulltekst og lese i sin heilheit. Inkluderte artiklar vart lese av alle i gruppa for å etablere ei brei forståing, og for å danne ulike innfallsvinklar. I kvart steg vart artikkelen vurdert om den samsvarar med problemstillinga. Me ville i utgangspunktet skrive ut artiklane i papirutgåve for gjennomlesing, men grunna COVID-19 var det ikkje mogleg, då ingen hadde tilgang på skrivar. Inkluderte artiklar vart lasta ned som PDF-filer og lest av alle gruppemedlemmane (Aveyard, 2019, s. 92-94). EBP-steps vart nytta som eit reiskap for å sikre kvaliteten på artiklane (Aveyard, 2019, s. 107).

3.4.2 Etisk vurdering

Artiklane vart behandla med respekt og me ekskluderte ikkje delar av forskinga til vår fordel. Inkluderte artiklar var på engelsk med helsefagleg terminologi og me kan ikkje utelukka moglegheita for at noko kan bli mistyda.

3.4.3 Analysering av resultat

Etter den kritiske vurderinga vart artiklane analysert (Aveyard, 2019, s. 133). Me utarbeida ein tabell med ei oversikt over artiklane (Aveyard, 2019, s. 137). Tabellen syner ei oversikt over type metode, hovudfunna i kvar einskild artikkel og resultata av den kritiske vurderinga. Tabellen var eit reiskap i arbeidet med å identifisera likskap og ulikskap ved artiklane (Aveyard, 2019, s. 137). Med utgangspunkt i oversiktstabellen gjennomførte me ei tematisk analyse. Då identifisera me tema i kvar einskild artikkel og såg korleis likskap og ulikskap ved artiklane kunne kombinerast. Tema vart presentert i ein tabell i høve til den tematiske analysa som vart gjennomført (Aveyard, 2019, s. 141-143).

4.0 Resultat

I dette kapitlet presenterast resultatata som kom fram av gjennomført datainnsamling og den tematiske analysa. Fyrst vil resultatata av litteratursøkja og eit flytdiagram verta presentert. Vidare vil hovudfunn og kritiske vurdering av artiklane skildrast i ein oversiktstabell. Deretter vil resultat frå artiklane verta presentert etter tema og avslutningsvis skildrast resultatata av kartlegginga i Bø Sommarland. Utarbeida tema er: *“Erfaringar knytt til hemmande og fremjande faktorar i omgjevnadar”*, *“Familien påverkar deltaking”*, *“Tilfredsheit og utføring av deltaking i aktivitet”*, og *“Samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadar”*.


4.1 Resultat av søk og flytdiagram

For å strukturere søkja og få ein oversikt over treff og søkjekombinasjonar, vart tabell 3 utarbeida. På bakgrunn av inkluderande og ekskluderande kriterie knytt til problemstillinga vart fylgjande søk utført i databasane Embase, Medline og PubMed (sjå tabell 3). Som ein kan sjå i tabell 3 vart det utført eit søk i Embase og PubMed, medan det vart utført tre søk i Medline. For å avgrensa søkja vart “avansert søk”-funksjonen i databasane nytta med bolan operatørane “AND” og “OR” (Aveyard, 2019, s. 85-86). Som ein kan sjå i tabell 3 vert “OR” nytta for å søkje med fleire synonym, medan “AND” vart nytta for å inkludera fleire søkjeord (Aveyard, 2019, s. 85-86). I utgangspunktet skulle søkja vera identiske i databasane, men grunna at søkja vart gjennomført individuelt vart MeSH-termene utvikla ulikt undervegs i søkjesprosessen.

Database	Søkjeord 1		Søkjeord 2		Søkjeord 3		Søkjeord 4	Tal på treff	Tal på nytta artiklar
Embase	leisure	AND	occupational therapy	AND	environment			13	1
Medline	universal design OR environment design OR facility design	AND	construction	AND	leisure activities	AND	disabled children	1	1
Medline	universal design OR environment design	AND	leisure activities	AND	child			26	1
Medline	universal design OR environment design	AND	participation	AND	young adult			7	0
PubMed	universal design OR environmental design OR universal standard OR outdoor area accessibility	AND	experience					83	0

Tabell 3: Resultat av søk

I flytdiagrammet, figur 3, syner me resultatane av søkja våre og korleis inkluderande krav vart nytta. Totalt enda søkja i 130 artikkel, der to var dubletter (sjå figur 3). 128 artikkel vart dermed lest og vurdert ut frå tittel og samandrag, der åtte av artiklane vart vurdert i fulltekst. Av åtte artikkel vart fem ekskludera grunna intervensjon i studiane, og tre artikkel vart inkludera i oppgåva.



Figur 3: Flytdiagram

4.2 Hovudfunn og kritisk vurdering

Tre artiklar passa våre inkluderande krav og dekte fleire aspekt av problemstillinga (Aveyard, 2019, s. 135-137). Me gjekk nøye gjennom hovudfunna i artiklane og kritisk vurderer kvar einskild artikkel ved å sjå på svake og sterke sider ved inkludera artiklar. For å systematisere hovudfunna og kritisk vurdering av artiklane utarbeida me tabell 4 (Aveyard, 2019, s. 135-137).

Forfattar og årstal	Tittel	Metode	Hovudfunn	Kritisk vurdering
Law, M., Anaby, D., Imms, C., Teplicky, R. & Turner, L. (2015)	Improving the participation of youth with physical disabilities in community activities: An interrupted time series design	Avbrote tidsserie analyse – Replikering av intervensjonseffekt vert undersøkt saman med deltakarane sine mål	<p>Alder på deltakarar 13-19 år.</p> <p>Omgjevnadane blir skildra som hemmande og fremjande faktorar for deltaking i aktivitet.</p> <p>Omgjevnadane omfatta både fysiske og sosiale aspekt. Knytt til tilkomst til aktivitet, utstyr, økonomi, støtte frå familie osv.</p> <p>Ved kvart einskild mål var det sett av 3-4 veker av den 12 veker lange intervensjonen. I vekene knytt til målet vart dei hemmande og fremjande faktorane i omgjevnadane identifisert knytt til den ynskja aktiviteten. Deretter vart tiltak gjort ut i frå identifiseringane og implementert hos ungdommen.</p> <p>Ved å endre på omgjevnadane i intervensjonsfasa opplevde deltakarane auka deltaking i utvalde aktivitetar. Utføring og tilfredsheita ved aktiviteten auka signifikant.</p>	<p>Seks deltakarar som er diagnostisert med ei fysisk funksjonsnedsetjing.</p> <p>Grundig bakgrunnsinnsamling for vurdering med både Canadian Occupational Performance Measure (COPM), Children's Assessment of Participation and Enjoyment (CAPE) og KidScreen-27, og gjort ny test etter enda intervensjon.</p> <p>Studien er gjort over eit lengre tidsrom, så ein får sett effekten av studien, og resultatata blir tydeleg framstilt i figurar og tabellar.</p> <p>Foreldra sine ressursar påverka nokre av deltakarane sine moglegheiter for val av aktivitetar.</p> <p>For nokre av deltakarane måtte det implementerast fleire typar tiltak, då det ikkje haldt med berre å justera omgjevnadane.</p>

<p>Anaby, D., Law, M., Teplicky, R. & Turner, L. (2015)</p>	<p>Focusing on the Environment to Improve Youth Participation: Experiences and Perspectives of Occupational Therapists</p>	<p>Kvalitativ postintervensjon med individuelle semistrukturerte intervju av 12 ergoterapeutar.</p>	<p>Alder på ungdommane i studien er 12-17 år.</p> <p>Oppliving av deltaking hadde positiv effekt i form av glede, stoltheit og motivasjon når hindringar vart fjerna.</p> <p>Ved å nytta den klientsentrerte tilnærminga "Pathways and Resources for Engagement and Participation" (PREP) med fokus på å endra omgjevnader kan ein auka tilgjengelegheit og deltaking for ungdommar.</p>	<p>Deltakarane i studien er 12 kvinnelege ergoterapeutar der fleirtalet (10) har mastergrad og fleire (8) arbeida på heiltid med rehabilitering.</p> <p>Deltaking av ungdom med fysiske funksjonshemmingar er avgrensa i høve til deira typiske utviklande jamaldrande. Avvika auka med alderen. Avgrensinga ligg i omgjevningane.</p> <p>Foreldra påverka målsetting og moglegheita for ungdommane til å delta i aktivitetar på bakgrunn av økonomi og transport.</p> <p>Fokuset er på terapeutar sine refleksjonar om erfaringar av å ha nytta ein ny metode, PREP-intervensjonen, for å mogleggjera deltaking.</p> <p>Resultata i studien kjem frå terapeutane sine erfaringar, og ikkje direkte ungdommane sine erfaringar.</p> <p>PREP har som mål å forbetra ungdomsdeltaking i tre samfunnsbasera aktivitetar ved å berre endra på omgjevningar. Fokus på endring i omgjevningane framføre å endra på menneskje sine dugleikar, kan ha negativ effekt.</p>
---	--	---	--	---

<p>Imms, C., Mathews, S., Richmond, K., Law, M. & Ullenhag, A. (2015)</p>	<p>Optimising leisure participation: a pilot intervention study for adolescents with physical impairments</p>	<p>Test/re-test pilotstudie</p>	<p>Alder på deltakarane var 12-19 år.</p> <p>Majoriteten av måla omhandla å identifisera og delta i nye fritidsaktivitetar.</p> <p>Deltaking i fritidsaktivitetar er avhengig av eit samspel mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadar.</p> <p>Den mest nytta intervensjonen i studiet fokusera på endring i dei fysiske og sosiale omgjevnadene.</p> <p>Tilfredsheit med aktivitetsutføringa auka for seks av åtte deltakarar.</p> <p>COPM-resultata indikera at oppfatning av deltaking i aktivitet auka for fem deltakarar.</p>	<p>Studien starta med elleve deltakarar med cerebral parese eller spina bifida, og avslutta med åtte deltakarar. Fråfall vert oppgjeve.</p> <p>Brukarmedverknad i form av sjølvrapportering i Children's Assessment of Participation and Enjoyment (CAPE) og Preferences for Activities of Children (PAC).</p> <p>Det vart nytta Goal Attainment Scale (GAS) og Canadian Occupational Performance Measure (COPM) for målbare mål.</p> <p>Foreldra bidrog med svar dersom ungdommen ikkje meistra å svare sjølv ved COPM og GAS.</p> <p>Målsetjing vert påverka av familien sin økonomi og ressursar.</p>
---	---	---------------------------------	---	--

Tabell 4: Resultat og kritisk vurdering av artiklane

Ungdommane i studiane har fysiske funksjonsnedsetjingar og er i alderen 12-19 år. I studien til Law et al. (2015) nyttast avbrote tidsserieanalyse, kor deltaking i aktivitet blir sett på over ein periode før og etter at intervensjonen har blitt implementert hos ungdommane. Studien til Anaby et al. (2015) har kvalitativ design med individuelle semistrukturera intervju av ergoterapeutar. Imms et al. (2015) sin studie har test/retest pilotstudie som design med ungdommar. I tabell 5 skisserast likskap og ulikskap ved utvalet av deltakar og intervensjonen si lengde.

	Law et al. (2015)	Imms et al. (2015)	Anaby et al. (2015)
Intervensjon	12 veker	8 veker	12 veker
Gjennomsnittsalder	16,3	15,2	Ikkje oppgjeve
Kjønn	5 gutar og 1 jenter	5 gutar og 3 jenter	Ikkje oppgjeve
Diagnose	5 cerebral parese og 1 spina bifida	6 cerebral parese og 2 spina bifida	Ikkje oppgjeve kor mange, men cerebral parese og spina bifida

Tabell 5: Likskap og ulikskap ved studia

Analysa resulterte i fylgjande tema: *“Erfaringar knytt til hemmande og fremjande faktorar i omgjevnadar”*, *“Familien påverkar deltaking”*, *“Tilfredsheit og utføring av deltaking i aktivitet”*, og *“Samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadar”*, sjå tabell 6.

4.3 Tema og presentasjon av resultat

Ut frå ein tematisk analyse av dei tre artiklane vart det utarbeida fire hovudtema som er presentert i tabell 6. I tabellen ser ein hovudfunna i artiklane, der det er markert kva tema artiklane tek føre seg.

Tema → Forfatter/ årstal ↓	Erfaringar knytt til hemmande og fremjande faktorar i omgjevnadar	Familien påverkar deltaking	Tilfredsheit og utføring av deltaking i aktivitet	Samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadar
Law, M., Anaby, D., Imms, C., Teplicky, R. & Turner, L. (2015)	X	X	X	X
Anaby, D., Law, M., Teplicky, R. & Turner, L. (2015)	X	X		
Imms, C., Mathews, S., Richmond, K., Law, M. and Ullenhag, A. (2015)		X	X	X

Tabell 6: Tematisk oversikt

4.3.1 Erfaringar knytt til hemmande og fremjande faktorar i omgjevnadar

Som ein ser i tabell 6 tek fleire studiar føre seg erfaringar om kva som er hemmande og fremjande faktorar knytt til deltaking i aktivitet blant born og unge med fysiske funksjonsnedsetjingar. Studien til Law et al. (2015) syner at ungdommane opplev fysiske omgjevnadar som hemmande og fremjande faktorar for deltaking i aktivitet. Dei fysiske omgjevnadane hemma deltaking knytt til blant anna tilkomst til aktivitet og utstyr som nyttast i aktiviteten. Når det vart gjort endringar i omgjevnadane, verka fysiske omgjevnadar som ein fremjande faktor for deltaking i aktivitet (Law et al., 2015). Anaby et al. (2015) sin studie tek føre seg ergoterapeutar si erfaring knytt til korleis omgjevnadane kan vera hemmande og fremjande faktorar for deltaking. Ergoterapeutane syner til ulike måtar å oppleve vellukka deltaking i ein aktivitet og at den ikkje alltid avhenger av den enkelte sine dugleikar (Anaby et al., 2015). Fokuset ergoterapeutane skildrar vektlegg at det bør vera

tilrettelagte og støttande omgjevnadar, i staden for at fokuset ligg på kva ungdommane ikkje meistrar grunna eigne dugleikar. Erfaringar med å leggja til rette omgjevnadane resultera i glede, stoltheit og motivasjon til å delta i aktivitet blant ungdommane (Anaby et al., 2015).

4.3.2 Familien påverkar deltaking

Alle inkluderte artiklar, som ein kan sjå i tabell 6, tek føre seg verdien av familien som ressurs i høve til ungdommane si moglegheit til å delta i aktivitet. I studien til Anaby et al. (2015) kjem det fram at foreldra spela ei viktig rolle for å støtta ungdommane. Ergoterapeutane syner til fordelene av at både ungdommane og foreldra var engasjerte og ynskta å delta i intervensjonen. Foreldra si evne og vilje til å delta i intervensjonen spela ei vesentleg rolle for moglegheita for deltaking for ungdommen (Anaby et al., 2015). Anaby et al. (2015) sin studie syner at familiane hadde ulik grad av informasjon om kva aktivitetstilbod og moglegheiter ungdommen kunne delta i. Imms et al. (2015) sin studie syner at foreldra vart deltakande i arbeidet med utarbeidinga av mål for kva aktivitetar ungdommane skulle delta på. I Law et al. (2015) sin studie kjem det fram at målsetjinga vart satt med omsyn til familien sine økonomiske ressursar og at dårleg økonomi var ein hemmande faktor. I studien til Imms et al. (2015) vart ikkje alle måla nådd grunna høge kostnadar for gjennomføring av målsetjinga eller at søknadsprosessen med å få innvilga økonomisk stønad ikkje vart behandla innan avslutta intervensjon. Anaby et al. (2015) sin studie syner til at økonomi og transport spela ei rolle for målsetjing, og at foreldra si målsetjing ikkje samsvarar med ynskja til ungdommen. I studien til Law et al. (2015) kjem det fram at foreldra var ein hemmande faktor i omgjevnadene ved å avgrense moglegheita for deltaking grunna kva ungdommane fekk lov å gjere på eigenhand. Foreldra verka som ein fremjande faktor med positiv innstilling til ungdommen sitt ynskje om deltaking i aktivitet (Law et al., 2015).

4.3.3 Tilfredsheit og utføring av deltaking i aktivitet

Dei ergoterapeutiske intervensjonane i studien til Imms et al. (2015) og Law et al. (2015) tek føre seg endringar i omgjevnadane. For å måle tilfredsheit og utføring knytt til aktiviteten, før og etter intervensjon, er det i studien nytta seg av kartleggingsreiskapet Canadian Occupational Performance Measure (COPM). COPM vart nytta for å identifisera kva aktivitetar ungdommane ynskta å delta i og meistre. Det vart gjennomført skåring av eiga

oppleving knytt til tilfredsheit og utføring av aktivitet (Imms et al., 2015; Law et al., 2015). I studien til Law et al. (2015) vel ungdommane ut aktivitetar på bakgrunn av motivasjon og ynskje, ved hjelp av blant anna COPM. Ved fyrste skåring av COPM var det låge tal på både tilfredsheit og utføring av prioritert aktivitet for kvar enkelt deltakar. Etter implementert intervensjon vart det ein signifikant skilnad på korleis deltakarane opplevde utføring og tilfredsheit knytt til aktivitetane. Høvesvis vart gjennomsnittet ein endring på 4,5 poeng ved utføring og 6,0 poeng på tilfredsheit (Law et al., 2015). Resultata i studien til Imms et al. (2015) syner til at fem av åtte opplevde auka meistring knytt til utføring, medan seks av åtte deltakarar opplevde auka tilfredsheit ved aktivitetsutføring. Det vart ikkje registrera endringar ved COPM hjå alle deltakarar då alle mål ikkje vart gjennomført grunna økonomi, tilgang eller eiga dugleik (Imms et al., 2015).

4.3.4 Samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadar

Imms et al. (2015) og Law et al. (2015) sine studiar ser på korleis samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadane påverkar deltaking. Studien ser på kor verdifullt det er å vektlegge alle komponentane i arbeidet med å fremja deltaking i aktivitet. I studien til Law et al. (2015) kjem det fram korleis omgjevnadane påverkar menneskje si deltaking i aktivitet. Resultata frå studien syner til korleis ein aktivitet kan ha fleire utfordringar knytt til ulike aspekt av omgjevnadane, både fysiske og sosiale. Vidare ser studien på at det i nokre tilfelle var behov for å leggja til rette omgjevnadane og samstundes trenar på dugleikar hjå den enkelte (Law et al., 2015). Imms et al. (2015) sin studie skildrar korleis ein nyttar fysiske omgjevnadar og utstyr til gjennomføring av enkelte aktivitetar. Det blir i studien trekt fram viktigheita av at ein intervensjon ikkje bør byggjast på berre ein enkelt faktor knytt til menneskje si aktivitetsutføring og deltaking. Samspelet mellom menneskje (motivasjon, fysiske og psykiske dugleikar), aktivitet og omgjevnadane (tilgang på område, transport og utstyr) er faktorar som påverkar den enkelte sin deltaking i aktivitetar (Imms et al., 2015).

4.3.5 Resultat av kartlegging ved Jettegryta

Tilkomsten til Jettegryta var i stor grad påverka av kor den var plassert i parken samt attraksjonen sin storleik. Jettegryta er stor og lang og den ligg på toppen av ein bakke. For å koma seg til start av attraksjonen må ein nytte seg av trapper. Utforminga og tilkomsten til Jettegryta stiller krav til ein viss fysisk funksjon hjå gjestane som vel å nytte seg av attraksjonen. Tilkomsten til Jettegryta er truleg utforma med omsyn til området sin topografi. I starten av tilkomsten til Jettegryta må ein opp ein bakke som skrår sidelengs nedover og er ulendt, sjå bilete 1. Tilkomsten til Jettegryta omfattar tre trappeseksjonar med ulik utforming av ulikt materiale. På bilete 2, 3 og 4 ser ein òg at trappene ikkje har taktile eller visuelle markeringar. Ved trappeseksjon to ser ein på bilete 3 at trappa går i eitt med naturen. Målingane av trappetrinna i seksjon ein og to syner stor variasjon på høgd, djupn og breidd. Ved fyrste trappetrinn er handløparane plassert ulikt i ulik høgd. Handløparane ved trappene er av stål og plastkjetting (sjå bilete 2 og 3). Seksjon tre omfattar trappetårnet, og her er trappetrinna av lik storleik og handløparane er utforma som eit gjerde av sikkerheitsmessige grunnar (sjå bilete 4).



Biletet 1: Tilkomst Jettegryta



Bilete 2: Trappeseksjon 1



Bilete 3: Trappeseksjon 2



Bilete 4: Trappeseksjon 3

5.0 Diskusjon

I dette kapitlet vil me diskutere hovudfunna våre frå teori, forskning og kartlegginga av Bø Sommarland. Me vil sjå på korleis omgjevnadane spelar ei hemmande og fremjande rolle for deltaking i aktivitet. Det vil verta presentert korleis familien påverkar ungdommen si moglegheit for deltaking, og deretter skal me sjå korleis ungdommar opplever eiga tilfredsheit og utføring knytt til aktivitetar. Me vil så presentere samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadar og korleis desse komponentane påverkar kvarandre. Så vil me ta føre oss framtidige perspektiv. Avslutningsvis vil det koma ein methodediskusjon der me ser på svake og sterke sider ved studien og rolla vår som forskarar.

5.1 Erfaringar knytt til hemmande og fremjande faktorar i omgjevnadar

I studien til Anaby et al. (2015) og Law et al. (2015) kjem det fram at ungdommar med fysiske funksjonsnedsetjingar opplev omgjevnadane som hemmande og fremjande ved deltaking i aktivitet. Nokre av ungdommane opplevde omgjevnadane som hemmande ved at det ikkje var høve til å koma seg til ynskja aktivitet og dei fekk då ikkje moglegheit til å delta sjølv om aktiviteten i seg sjølv var mogleg å gjennomføre (Law et al., 2015). På bakgrunn av kartlegging av Jettegryta og den noverande utforminga av tilkomsten til attraksjonen, er det truleg at gjester i parken kan ha opplevd vanskar knytt til deltaking ved attraksjonen, sjå bilete 1, 2, 3 og 4 for bilete av tilkomst.

På ei side ser ein i studien til Law et al. (2015) at nokre ungdommar opplev at det er ein kombinasjon av eigne dugleikar og barrierar i omgjevnadane som hindrar deltaking i ynskja aktivitet. Kombinasjonen av kvar enkelt sine dugleikar og hindringar i omgjevnadane kan ein sjå opp mot aspekta ved GAP-modellen (Arbeids- og sosialdepartementet, 2003). For deltaking i Jettegryta vil ein då truleg kunne sjå at nokon menneskje må trenast på eigne dugleikar for å etablere betre føresetnadar, samstundast som ein gjer endringar ved utforminga av tilkomsten til Jettegryta. For nettopp ved å justere opp menneskje sine

føresetnadar og justere ned krava til å delta i Jettegryta, vil den enkelte truleg kunne delta (Arbeids- og sosialdepartementet, 2003).

På ei anna side syner ergoterapeutane i Anaby et al. (2015) sin studie at det ikkje alltid er menneskje sine dugleikar som avgjer om ein ikkje kan delta i ynskja aktivitet. Tvert om vil fysiske omgjevnadar kunne setje ein stoppar for deltaking i nokre aktivitetar i Bø Sommarland. I høve til MAO-modellen vil naturmessige og bygde omgjevnadar kunne påverke deltaking i hemmande grad ved tilkomsten til Jettegryta (Hinojosa et al., 2017, s. 164-165). Ein spekulasjon kan då vera at det ulendte terrenget og trappeseksjonane i tilkomsten til Jettegryta vil verka som hemmande faktorar for nokre gjestar sin deltaking. Samstundes vil det ikkje vera mogleg å endre omgjevnadane rundt tilkomsten til Jettegryta i den grad at ein kan fremja aktivitet og deltaking hjå alle menneskje. Tilkomsten til Jettegryta er påverka av attraksjonen si plassering i parken samt krav som vert stilt for å koma seg til aktiviteten. Det vil vera verdifullt å sjå på moglegheitene for utbetring med eit ergoterapeutisk perspektiv av den noverande utforminga. Truleg kan endring i utforminga bidra til at fleire kan delta i aktiviteten, og utforminga av Jettegryta kan då verka som ein fremjande faktor for deltaking (Hinojosa et al., 2017, s. 164-165).

5.2 Familien påverkar deltaking

I studien til Imms et al. (2015) kjem det fram at målsetjing sett av foreldra for aktivitet og deltaking hadde positiv effekt. Årsaka kan truleg vera at foreldra er ein viktig del av ungdommane sine sosiale og støttande omgjevnadar (Imms et al., 2015). Foreldra har dermed god kjennskap til kva ungdommen meistrar og kva for aktivitetar som kan vera realistiske å delta i ved hjelp av endringar i omgjevnadane (Hinojosa et al., 2017, s. 164-165). Dersom nokon i familien har vore i Bø Sommarland tidlegare, vil dei ha eigne erfaringar til kva for dugleikar som krevjast for fleire av aktivitetstilboda i parken (Anaby et al., 2015). På ei anna side har parken truleg utvikla aktivitetstilboda sidan foreldra var der sist, og utforminga er mogleg noko annleis. Ut frå parken sitt fokus ved utarbeiding av parken, vil ungdommen truleg ha større moglegheit for å delta grunna fokuset på universell utforming for flest mogleg. Likevel er det ikkje sikkert ungdommane har ynskje om å delta på aktivitetane foreldra har erfaring med. På bakgrunn av parken sitt mangfald av

aktivitetstilbod, vil det truleg vera andre aktivitetar ungdommane likevel ynskjer å delta på (Anaby et al., 2015). For å motivera ungdommen til å delta på aktivitetar i parken er det viktig at ungdommen sine ynskjer og mål blir høyrd (Hinojosa et al., 2017, s. 167).

I studiane kom det fram av ungdommane og ergoterapeutane at familien eller foreldra sin økonomi påverka moglegheitene for deltaking (Anaby et al., 2015; Imms et al., 2015; Law et al., 2015). Dersom aktiviteten ein ynskja å delta i gav familien ein økonomisk kostnad, var moglegheita for deltaking avgrensa for nokon (Law et al., 2015). Truleg vil ikkje alle familiar ha råd til å reise og besøkje Bø Sommarland. I tråd med MAO- modellen vil då sosiale og økonomiske omgjevnadar vera ein hemmande faktor for deltaking i Bø Sommarland (Hinojosa et al., 2017, s. 164-165). På ei anna side har parken eigne prisar på billetter for menneskje med funksjonsnedsetjingar, noko som vil kunne lette på den økonomiske belastinga for den enkelte familie. I tillegg har Bø Sommarland ledsagarordningar slik at til dømes ein foreldre kan koma inn gratis. Truleg kan ledsagarordninga vera ein positiv faktor for at familiar med dårlegare økonomi òg kan reise og delta aktivt i Bø Sommarland.

Studien til Law et al. (2015) syner til at det er samanheng mellom kor ein bur og kva moglegheiter ein har for deltaking i aktivitet. Mange i lokalbefolkninga har gratis inngang etter å tidlegare ha vore aksjonærar i parken, noko som vil gjelde foreldra (Kleppen, 2005, s. 25). Samstundes er billettprisane i parken regulert etter høgde på borna, så kor mykje familiane vil kunne spare vil truleg då vera avhengig av høgda på familiemedlemmane (Bø Sommarland, U.Å-b). Trass i at fleire har gratis inngang, kan det vera andre økonomiske faktorar som påverkar moglegheitene for deltaking, som til dømes transport. Anaby et al. (2015) sin studie syner til at ergoterapeutane hadde erfaringar med at transport var ein faktor som kunne hemma deltaking, som truleg vil gjelda fleire familiar i Noreg som opplev nettopp det same i samband med å besøkje Bø Sommarland. Grunna parken si geografiske plassering vil det for mange menneskje ikkje vera mogleg å reise på dagstur og ein er avhengig av overnatting.

I studien til Law et al. (2015) kjem det fram at foreldra ikkje ynskte at ungdommen skulle delta i enkelte aktivitetar som kan sjåast i samanheng med risiko for uynskte hendingar. Bø Sommarland fylgjer interne og pålagte retningslinjer, som TEK17 og EN1069, for vurdering av risiko for fare, og parken har utarbeida tydelege tiltak som legg til rette for aktivitet og

deltaking innan tryggje rammer. Reglane kan tryggja foreldra på at aktivitet skjer innan tryggje rammer og kan påverka kva aktivitet ungdommen får lov til å delta i. I tråd med MAO-modellen og faktorar som påverkar deltaking, er det verdifullt å fremje at aktiviteten skjer innan tryggje rammer for foreldra (Hinojosa et al., 2017, s. 164-165). For å varsle om risikoar knytt til deltaking i aktivitetane fylgjer Bø Sommarland prinsipp fire for universell utforming med enkel formidling av informasjon (Connell et al., 1997). Det er skilt med både tekst og bilete med informasjon, og krav til kven som kan delta på bestemte attraksjonar, badevakter og tilgjengelegheita for attraksjonar spelar ei stor rolle for risikoen. I parken er attraksjonar med liten risiko for skade lett tilgjengeleg og krev ikkje like mykje fysisk innsats og forkunnskapar for utføring, i høve til attraksjonar som krev meir. Ein spekulasjon vil vera om parken har plassert attraksjonane i høve prinsipp fem for universell utforming, som omhandlar at attraksjonar som er mest nytta plasserast mest tilgjengeleg, eller om det er i høve til estetikken og naturmessige omgjevnadar (Connell et al., 1997). Samstundes kan ein ikkje gå heilt vekk frå at det er ein viss grad av risiko ved å nytta seg av attraksjonane. Kvar einskild har òg eige ansvar til å fylgje reglane og handla forsvarleg i attraksjonane i parken.

5.3 Tilfredsheit og utføring av deltaking i aktivitet

For mange familiar i Noreg er Bø Sommarland eit reisemål og truleg eit ynskje om å nytta seg av parken sine mangfaldige aktivitetstilbod. Ser ein på statistikk i Noreg er det truleg fleire familiar som har eit eller fleire born med ein form for fysisk funksjonsnedsetjing (Kissow & Klasson, 2018). Law et al. (2015) sin studie syner til at ungdommane opplevde auka tilfredsheit og utføring knytt til deltaking i aktivitet når omgjevnadane vart endra. Ein spekulasjon kan då vera om fleire kan delta i aktivitetstilboda til Bø Sommarland om ein gjer utbetringar av den noverande universelle utforminga. I høve prinsipp ein for universell utforming skal ikkje menneskje med funksjonsnedsetjingar ekskluderast eller stigmatiserast frå deltaking i aktivitet i parken sine aktivitetstilbod (Connell et al., 1997). Dersom familiar eller menneskje med fysiske funksjonsnedsetjingar opplev tilfredsheit og moglegheit for deltaking i aktivitet i Bø Sommarland, vil truleg opplevinga formidlast vidare til vener og familie. Samtidig må ein sjå på om noverande utforming kan indikere til at fleire menneskje eller familiar vil oppleve auka deltaking i aktivitet. Parken kan då auka talet på besøkjande i

parken, noko som kan gje økonomisk gevinst for Bø Sommarland.

I studien til Imms et al. (2015) og Law et al. (2015) undersøkte ergoterapeutane korleis ungdommane opplev eiga tilfredsheit og utføring ved deltaking i aktivitet. Måla som vart laga for intervensjonen vart hovudsakleg utarbeida på grunnlag av ungdommane sine egne ynskje og motivasjon til å meistra nye aktivitetar. I fylgje MAO-modellen vert mål påverka av omgjevnadane aktiviteten skjer i, og moglegheita for utføring. Ut frå tilkomsten og krava som vert stilt til deltaking i Jettegryta kan ein vurdere om det er realistisk å kunne meistre aktiviteten (Hinojosa et al., 2017, s. 167). Studien til Law et al. (2015) syner til at ungdommane opplevde låg tilfredsheit og utføring knytt til deltaking i utvalde aktivitetar før det vart gjort endringar i omgjevnadane. Det er derfor nærliggjande å tenkje at den noverande tilkomsten til Jettegryta kan vera eit hinder for deltaking for nokre menneskje. Det som derimot kjem fram i studien er at ved endring av fysiske omgjevnadar opplevde ungdommane høgare tilfredsheit og utføring knytt til deltaking i aktivitet (Law et al. 2015). Utbetringar i omgjevnadane ved tilkomsten til Jettegryta kan truleg mogleggjera deltaking og meistring ved attraksjonen for fleire gjestar. På ei anna side vil truleg ikkje ei endring av utforminga ved Jettegryta føre til at alle gjestar i parken kan nytte seg av attraksjonen, grunna krava som stillast til aktiviteten.

I Imms et al. (2015) sin studie vart det hjå nokre deltakarar ikkje gjort endringar i omgjevnadane og ungdommane opplevde ikkje auka tilfredsheit eller utføring knytt til deltaking i ynskja aktivitetar. Likevel vil det ikkje seie at endringar i omgjevnadane nødvendigvis ville auka deltaking i ynskja aktivitet (Imms et al., 2015). På bakgrunn av studien til Imms et al. (2015) kan ein anta at dersom det ikkje vert gjort endringar av tilkomsten til Jettegryta vil ikkje fleire kunne delta i aktiviteten. I studien til Imms et al. (2015) og Law et al. (2015) såg ein likevel at nokre ungdommar ikkje meistra å delta i ynskja aktivitetar grunna egne funksjonsdugleikar, trass i at omgjevnadane vart endra. Difor kan det for nokon menneskje vera at ei endring av tilkomsten til Jettegryta ikkje vil auke moglegheitene for deltaking, grunna egne funksjonsdugleikar. Som studien syner er det fleire komponentar som påverkar moglegheitene til deltaking i Jettegryta.

5.4 Samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadar

I studien til Anaby et al. (2015) skildrar ergoterapeutane at ungdommane som meistra deltaking i aktivitet opplevde glede, stoltheit og motivasjon. Vidare kom det fram verdien av å delta som ei tydeleg positiv oppleving (Anaby et al., 2015). Deltaking vert påverka av menneskje, aktivitet og omgjevnadar som ein kan sjå i MAO-modellen. Ved å sjå på komponentane og samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadane i Jettegryta, kan ein identifisera hemmande og fremjande faktorar som påverkar moglegheitene for auka deltaking (Hinojosa et al., 2017, s. 164-165).

Ut frå studien til Imms et al. (2015) og Law et al. (2015) kan ein sjå at ergoterapeutane vektlegg å sjå på samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadane. Med eit ergoterapeutisk perspektiv vil utforminga av tilkomsten til Jettegryta indikere at komponentane spelar ei avgjerande rolle for deltaking. I studien til Law et al. (2015) fokuserast det på deltaking i aktivitetar ungdommane har ynskje og motivasjon til å delta i. Ein mogleg tanke er då at menneskje sitt ynskje om deltaking i Jettegryta vil vera påverka av utføringa av aktiviteten. Vidare kan menneskje sin dugleik spela ei rolle for om det er mogleg å nytte seg av Jettegryta innan tryggje rammer. I studien til Law et al. (2015) kjem det fram korleis omgjevnadane påverkar menneskje si deltaking i aktivitet. Ved å ta føre seg omgjevnadane i Jettegryta kan ein sjå på menneskelege faktorar, og korleis dugleikane til kvar einskild kan vera ein hemmande faktor for deltaking. Omgjevnadane ved tilkomsten til Jettegryta kan vera ein hemmande faktor for deltaking knytt til menneskje sine dugleikar, då tilkomsten omfattar både trappar og ulendt terreng.

I studien til Law et al. (2015) kjem ergoterapien tydeleg fram ved å leggja til rette omgjevnadane åleine ikkje vil resultera i auka deltaking, men ein er avhengig av eit samspel. Blant anna kan ein sjå at dugleik og funksjon er eit individuelt aspekt og kan truleg spela ei stor rolle i høve til deltaking i Jettegryta. I tråd med MAO-modellen vil det fysiske aspektet ved menneskje truleg spela ei stor rolle i høve til deltaking i Jettegryta (Hinojosa et al., 2017, s. 170). Jettegryta stiller nokre fysiske krav for at ein kan delta i aktiviteten, og vil på bakgrunn av krava ikkje vera mogleg å utføra for alle menneskje. Ut frå dei fysiske krava til Jettegryta og eigen dugleik kan ein vurdera om det er eit reelt mål å meistra.

Menneskje sin dugleik og krava som vert stilt til å delta i Jettegryta kan sjåast i tråd med GAP-modellen (Arbeids- og sosialdepartementet, 2003). Dersom kravet ved tilkomsten ikkje samsvarar med menneskje sin dugleik vil ein ikkje kunne oppnå deltaking. Ein spekulasjon kan då vera om det er menneskje sine dugleikar eller omgjevnadane som gjer til at ein ikkje opplev deltaking i aktivitet.

Studien til Imms et al. (2015) tek føre seg den delen av ergoterapifaget som omhandlar samspelet mellom menneskje og omgjevnadane som til dømes tilkomst på område, samt aktiviteten som faktorar som påverkar deltaking i aktivitet (Hinojosa et al., 2017, s. 164-165; Imms et al. 2015). I tilkomsten til Jettegryta må ein gå opp ein bakke og nytte seg av trapper, dette er grunna plassering og topografien i området. Det vil ikkje vera mogleg å leggje til rette for alle menneskje si deltaking med tanke på dei fysiske krava som vert stilt. Dei fysiske krava som vert stilt i tilkomsten til Jettegryta kan òg generaliserast til sjølve utføringa i Jettegryta. Ein spekulasjon kan vera at dersom ein ikkje meistarar å nytte seg av tilkomsten med trappar vil ein truleg ikkje meistre krav som stillast for deltaking i Jettegryta.

Samstundes kan ein ikkje trekkje ein sikker konklusjon, då menneskje sine dugleikar ikkje berre omhandlar fysiske faktorar. I tråd med MAO-modellen omhandlar omgjevnadane òg sosiale faktorar, som kan knytast opp mot deltaking i Jettegryta (Hinojosa et al., 2017, s. 164-165).

I studien til Anaby et al. (2015) syner ergoterapeutane til at nokre ungdommar opplevde usikkerheit om eigen dugleik knytt til utføring i aktivitet. For nokon vil det ikkje vera ynskjeleg å delta i Jettegryta, og ein mogleg tanke kan vera at det er grunna krava som stillast i tilkomsten. På den andre sida kan ein ved å ha tryggje omgjevnadane i tilkomsten indikere til trygg deltaking i aktivitet. Noverande utforming ved tilkomsten kan indikere på fleire moment som truleg kan opplevast som usikre for nokon, noko som mogleg kan påverke negativt dersom menneskje er utrygg på eigne dugleikar. Det er lite markeringar i trappene, noko som kan opplevast som utrygt. I tråd med prinsipp fem for universell utforming og risiko for fare, kan noverande utforming indikere til at Jettegryta sin tilkomst har eit utbetningspotensiale (Connell et al., 1997).

5.5 Framtidige perspektiv

I utbetningsforslaget av tilkomsten til Jettegryta er forskrifta TEK17 nytta som rettleiar grunna at Bø Sommarland fylgjer TEK17 i utarbeidinga av uteområde i parken. I tillegg er dei sju prinsippa for universell utforming nytta for å identifisera kva som kan utbetrast.

For å minska dei fysiske krava i tilkomsten til Jettegryta kan handløparar vera eit tiltak for å auka aktivitet og deltaking for fleire menneskje. I parken observerte me nokre handløparar ved Jettegryta, men me såg utbetningspotensiale. Ved å nytte handløparar på venstre og høgre sida av trappa vil ein auka moglegheita for å støtte og truleg tryggja tilkomsten til Jettegryta. Handløparane bør òg starte før ein startar å gå i trappa og held fram til etter ein har kome til endes av trappa. Handløparane kan vera til god hjelp for å starte trappa med stabilitet og ein vil truleg oppleve større tryggleik. For nokon vil ikkje handløparane vera til nytte, men for menneskje med fysisk funksjonsnedsetjing kan handløparane vera ei avgjerande rolle for deltaking.

Ved trappene i tilkomsten til Jettegryta, som ein kan sjå på bilete 2 og 3, ser ein ulike trapper i ulike storleikar. Trappane er truleg utforma ut frå landområdet Jettegryta er plassert i og er difor i ulik høgd, djupn og breidd. Utforminga i trappane kan forbetrast med å nytta lik høgd, djupn og breidd i alle trapper for å tryggja tilgangen og unngå uynskte hendingar.

Det er ved tilkomsten til Jettegryta ingen visuell eller taktil markering på trappetrinna. Forslaget til ei utbetring vil vera å markera kantane av trappene med kontrastfargar som kjem tydeleg fram. Markeringar i kontrastfargar kan i nokre tilfelle sjåast på som tydelege tiltak for til dømes svaksynte. Ved å ivareta parken sin estetikk kan ein nytta fargane gult og blått som allereie er i parken og vil få ein meir estetisk utsjånad. Dersom ein markerer trappene med kontrastfarge som anbefalt, er det viktig at markeringane ikkje er glatte som gjer det lett å skli. Det er viktig at utforminga har god nytteverdi innan tryggje rammer.

Terrenget ved tilkomsten til Jettegryta er ulendt og kan for nokon truleg vera eit hinder for aktivitet og deltaking. For å gjere terrenget ved tilkomsten mindre ulendt kan ein leggje ny murstein eller asfalt for å etablere eit jamt dekkje. For å etablere eit meir trygt moment i

tilkomstfasen kan ein montere handløparar langs den mursteinslagde vegen. Her vil det då vera hensiktsmessig å ha to handløparar i ulik høgd. Ved å ha handløparar vil det kunne verka mindre krevjande fysisk å koma seg til aktiviteten. Grunna geografisk plassering av Jettegryta vil det truleg ikkje vera moglegheiter for reduksjon av bakken sin stigning. Samstundes er noverande stigning på bakken relativt låg og vil ikkje kunne gje noko vesentleg effekt ved reduksjon, utan om at det kan truleg resultere i fleire trappetrinn i tilkomsten.

Ut frå teori og litteraturstudiet vil truleg tilrådingane ha positiv effekt, noko som kan auke aktivitet og deltaking for fleire menneskjer som ynskjer å nytta seg av Jettegryta i parken. Tilrådingane kan generaliserast til fleire område i parken, då det er mykje trapper og ulendt terreng. Ved å endre omgjevnadane og utbetra den universelle utforminga av tilkomsten til Jettegryta vil flest mogleg kunne delta, framføre at omgjevnadane ekskluderer menneskjer frå deltaking i aktivitet.

5.6 Metodediskusjon

5.6.1 Styrkar og svakheiter ved studien

Aveyard (2019, s. 156) skildrar at det er viktig å sjå på styrkar og svakheiter ved eiga studie. I arbeidet med å innhente relevant litteratur nytta me litteraturlista til ergoterapiutdanninga samt anna relevant litteratur. Litteraturen har bidratt til å dekkje det teoretiske grunnlaget for oppgåva, men me kunne likevel ha vore meir kritiske til kva for litteratur me har valt ut. Grunna pandemien COVID-19 hadde me ikkje tilgang til biblioteket, og me måtte i stor grad nytta oss av bøker som finnast tilgjengeleg digitalt.

For å svare på problemstillinga vart det utarbeida eit hierarki for å rangere kva type studiar som ville svare best på problemstillinga. I val av databasar vart Høgskulen på Vestlandet si oversikt over fagressursar innan helse- og sosialfag og ergoterapi nytta, som var ei styrke for relevante og anbefalte databasar innan spesiell kompetanse. Samstundes kan bestemte databasar ha snevra inn søkja våre i den grad at forskning som truleg kunne vore relevant for

å svare på problemstillinga ikkje vart identifisert. Det vart ingen funn av artiklar frå øvst i hierarkiet. Ein spekulasjon knytt til at det ikkje vart identifisert artiklar øvst i hierarkiet kan vera kvaliteten av den utarbeida søkje strategien. Søkje strategien i oppgåva har fleire svakheiter ved seg. I utgangspunktet vart det utarbeida kva søkjeord som skulle nyttast og korleis bolan operatørane "AND" og "OR" skulle nyttast. Kvar einskild i gruppa søkte individuelt i ulike databasar og det opprinnelege søkjet gav lite relevante treff. Søkja vart då endra ved å nytte seg av nye MeSH-termar som var forslag i søkja. Nye søk gav fleire og meir relevante treff for å dekkje aspekta av problemstillinga. Me hadde ulik erfaring med å nytte bolan operatørane og MeSH-termar, noko som påverka funna våre. I etterkant ser me at samarbeidet om søkja i gruppa kunne vore betre. Når det fyrste søkje ikkje gav treff vart søkjeord og kombinasjonar endra individuelt. For å få eit best mogleg resultat kan ein spekulasjon vera at me burde utarbeida ein ny felles søkje strategi, då dei ulike søkja våre kan indikere til at relevante studiar kan ha blitt utelate. Ei anna forklaring på lite treff kan vera at det er lite forskning på temaet.

Søkje strategien er ein faktor som kan ha påverka at relevante studiar har blitt ekskludert. Ein anna faktor som truleg ekskluderte mogleg relevante artiklar, er inkluderande krav. Grunna omfanget av oppgåva og tidsramma, var det valt å berre sjå på ergoterapeutiske forskingsartiklar etter 2010 i fulltekst på engelsk. Ein spekulasjon knytt til inkluderande krav er om me kunne fått relevante artiklar øvst i hierarkiet om krava var annleis. På ei anna side bidrog inkluderande krav prosessen med å selektere ut artiklar enklare. Samstundes var det avgrensa med tid og mangfaldet av kor mange artiklar me hadde moglegheit til å ta føre oss, for å oppretthalda framdrifta i oppgåva.

Dei tre utvalde artiklane syner til resultat ved at endring av omgjevnadane kan fremja deltaking i aktivitet for menneskje med fysisk funksjonsnedsetjing. Samstundes er det usikkerheit knytt til kor god generaliseringsverdi resultatata har, då resultatata er basera på kvar einskild sine kjensler og opplevingar knytt til deltaking i omgjevnadane. I tillegg har kvar deltakar ulike føresetnadar fysisk og det vart arbeida mot ulike aktivitetar for å oppleve deltaking. Ein tanke er då om resultatata har god nok generaliseringsverdi til å knytast opp til tilkomsten av Jettegryta. Likevel har det blitt vurdert at resultat i studiane kan underbyggjast

av teori og lovverk og er difor valt å inkludera. Vidare er dei utvalde artiklane etiske godkjende av minst ein etisk komité.

5.6.2 Refleksjon over eiga rolle som forskar

Ingen i gruppa hadde tidlegare erfaring med å skriva bacheloroppgåve eller litteraturstudie, og me har hatt god nytte av metodeboka til Helen Aveyard (2019). Å sette seg inn i ei ny rolle som forskar har vore ein utfordrande og tidskrevjande prosess for alle i gruppa. Det vektlagt at alle i gruppa skulle ha ei forståing av alle moment i oppgåva for å etablere eit godt grunnlag for gode diskusjonar i høve til oppgåva sitt innhald. Om me tidlegare hadde meistra å forstå prosessen med å nytte litteraturstudie som metode, er det mogleg at det ville ha gjeve meir tid til å søkje etter relevante artiklar. Ved å leggje til meir tid ville truleg fleire og meir relevante artiklar vore funne som var høgare i hierarkiet. Tidvis har samarbeidet mellom tre forskarar vore utfordrande med å kome fram til ei felles løysing, men derimot kom det fram gode diskusjonar. Rolla som forskarar har vore krevjande med mykje prøving og feiling, knytt til søkinga og korleis me skulle meistre og samanfatte resultata av studiane og resultata av kartlegginga av Bø Sommarland. Å ha ein oppdragsgjevar for bacheloroppgåva har vore ein ekstra motivasjon til å leggje ned meir arbeid og engasjement. Me håpar at arbeidet kan resultere i utbetringar av parken sin universelle utforming slik at fleire kan delta i Bø Sommarland sitt mangfald av aktivitetstilbod.

Å gjennomføra ei kartlegging av ein vasspark var heilt nytt for oss og me fann ingen spesifikke kartleggingsreiskap å nytte oss av. Det me derimot nytta oss av var tileigna kunnskap om kartlegging av bustad og tilkomst til bustad. Likevel kunne me med fordel ha sett oss meir inn i kunnskap knytt til universell utforming utandørs og oppbygning av fornøyelseparkar før synfaringa vart gjennomført. Grunna andre prosjekt på skulen og tidspresset ved å gjennomføre kartlegginga vart innhentinga av slik kunnskap utført i liten grad. I etterkant ser me fordelene av at kartlegginga vart gjennomført på eit tidleg tidspunkt. Me fekk tidleg avklart kva del av parken me ynskte å ta føre oss. Grunna Covid-19 ville ei kartlegging ikkje ha vore mogleg å utføre på eit seinare tidspunkt og me hadde heller ikkje moglegheita til å besøkje parken i seinare tid.

Grunna omfanget av oppgåva og tidsaspektet vart det valt å gjennomføre eit litteraturstudie. Dersom me hadde hatt meir tid og det skulle skrivast ei større oppgåva ville me nok valt ein blanda metode med kvalitative og kvantitative data. Ein mogleg tanke er at ved kvalitative data kunne me sett på kva gjestar i parken opplevde som hemmande og fremjande faktorar knytt til deltaking i parken sine aktivitetstilbod. Kvantitative data kunne representert som til dømes kor mange familiar med born med fysiske funksjonsnedsetjingar har besøkt parken eller har ynskje om å gjere det. Ved kvalitativ og kvantitativ studiedesign kunne me moglegvis identifisert kvifor nokre familiar ikkje ser på parken som eit mogleg reisemål, og kor mykje utforminga og omgjevnadane påverka familiane sine feriemål.

6.0 Konklusjon

Ynskje med denne litteraturstudien var å sjå korleis fysiske omgjevnadar hemmar og fremjar deltaking i aktivitet blant unge menneskje med fysiske funksjonsnedsetjingar. Hovudfunna syner til at endringar av omgjevnadane verkar som ein fremjande faktor for deltaking i aktivitet. Samstundes som det i mange tilfelle er ein kombinasjon av alle komponentane rundt menneskje som avgjer om ein kan delta i ein aktivitet. Når omgjevnadane verkar som ein fremjande faktor aukar dette moglegheita for deltaking blant unge menneskje med fysiske funksjonsnedsetjingar.

Mange av ungdommane opplev utfordringar knytt til dei fysiske omgjevnadane, men og dei sosiale, ved deltaking i ynskja aktivitetar. Når det vart gjort endringar i omgjevnadane opplevde ungdommane auka deltaking i aktivitet. Vidare har foreldra ei viktig rolle i høve til kva aktivitetar ungdommane fekk delta i, både økonomisk og knytt til tryggleik for deltaking på eigenhand for ungdommen. Endringar av omgjevnadane synte til auka tilfredsheit og utføring ved deltaking i aktivitet blant alle ungdommar. Då aktivitet er komplekst samansett kjem ein ikkje bort ifrå at samspelet mellom menneskje, aktivitet og omgjevnadar spelar ei vesentleg rolle knytt til deltaking.

Jettegryta kan gjerast meir tilgjengeleg for fleire. Ved å markera trappetrinna vil ein kunne

etablere kontrastar mellom trapp og natur i omgjevnadane, som kan verke som eit tryggande moment ved deltaking. For å ivareta parken sin estetikk kan ein nytte seg av fargane gul og blå. Ved å leggja ny murstein i bakken opp til trappene vil tilkomsten kunne bli meir stabil, og handløparar kan bidra til å gjera tilkomsten meir tryggjande og mindre fysisk krevjande for gjestane. Dei framtidige perspektiva er mogleg å generalisere til andre delar av parken med trapper ved tilkomst.

I etterkant av bacheloroppgåva vil me utarbeida ein eigen rapport for Bø Sommarland der me tek føre oss alle områder som vart kartlagt.

Med resultata av studiane og på bakgrunn av kartlegginga i parken vil me konkludere med at framtidige perspektiv for parken vil vera å utbetre den universelle utforming. For i høve med Bø Sommarland sitt eige slagord vil fleire gjestar, trass fysiske funksjonsnedsetjingar, oppleve deltaking i det mangfaldige aktivitetstilbodet og ha det VANNvittig moro.

7.0 Referansar

- Anaby, D., Law, M., Teplicky, R. & Turner L. (2015). Focusing on the Environment to Improve Youth Participation: Experiences and Perspectives of Occupational Therapists. *International Journal of Environmental Research and Public Health*, 12, 13388-13398. Doi: 10.3390/ijerph121013388
- Arbeids- og inkluderingsdepartementet & Barne-, l.-o. i. (2013). *Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne*. New York. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/2006-12-13-34>
- Arbeids- og sosialdepartementet. (2003). *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer* (Melding. St. 40 (2002-2003)). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-40-2002-2003-/id197129/?ch=1>
- Aslaksen, F., Heggem, E., Bergh, S. & Bringa, O. R. (1997). *Universell utforming: planlegging og design for alle*. Oslo: Rådet for funksjonshemmede.
- Aveyard, H. (2019). *Doing a literature review in health and social care : a practical guide* (4. utg.). London Open University Press/ McGraw- Hill Education.
- Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet (2013-a). *Frihet og likeverd – Om mennesker med utviklingshemming*. (Meld. St. nr 45 (2012-2013)). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-45-2012--2013/id731249/>
- Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet (2013-b) *Konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne*. Henta frå: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/sla/funk/konvensjon_web.pdf
- Brandt, Å. Madsen, A. J. & Peoples, H. (2016). *Introduktion til ergoterapi*. (Utg. 3). I Brandt, Å. Madsen, A. J. & Peoples, H. (Red.), *Basisbog i ergoterapi* (Bind 3, s. 17 - 24). København: Forfatterne og Munksgaard.

Brønnpøysundregistrene. (2001). Kunngjøringer. Henta 28.04.2020 frå:

https://w2.brreg.no/kunngjoring/hent_en.jsp?kid=20010000195527&sokeverdi=936387136&spraak=nb&fbclid=IwAR1XKj3m5tf87BWrb-vf75tXl0K30bV8Cb8uF9580iuj7LTaDcQyv0oNX74

Bø Sommarland. (2020). FUNKSJONSNEDSATTE. Henta 04.05.2020 frå:

<https://www.sommarland.no/se-gjore/tjenester/funksjonsnedsatte/>

Bø Sommarland. (U.Å-a). HISTORIE / OM OSS. Henta 28.04.2020 frå:

<https://www.sommarland.no/parkinformatjon/historie-om-oss/>

Bø Sommarland. (U.Å-b). Velg antall billetter her. Henta 04.05.2020 frå:

<https://billett.sommarland.no/funnel/orderflow?execution=e1s1>

Christiansen, C., Baum, C. M. & Bass, J. (2011). The Person-Environment-Occupational Performance (PEOP) Model IE. A. S. Duncan (Red.), Foundations for practice in occupational therapy (5. utg., s. 93-104). Edinburgh Churchill Livingstone.

Connell, B. R., Jones, M., Mace, R., Mueller, J., Mullick, A., Ostroff, E., . . . Vanderheiden, G. (1997). THE PRINCIPLES OF UNIVERSAL DESIGN Version 2.0. Henta 25.03.2020 frå:

https://projects.ncsu.edu/design/cud/about_ud/udprinciplestext.htm

Direktoratet for byggkvalitet. (2017). *Byggteknisk forskrift (TEK17) med veiledning*. Henta frå: <https://dibk.no/byggereglene/byggteknisk-forskrift-tek17/1/1-1/>

Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven (2013). *Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne*. (LOV-2013-06-21-61). Henta frå:

<https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2013-06-21-61>

European committee for standardization. (2017). *Water slides - Part 2: Instructions*. Henta frå:

<https://www.standard.no/no/Nettbutikk/produktkatalogen/Produktpresentasjon/?ProductID=946112>

Folkehelseinstituttet (2018). Folkehelse rapporten - Helsetilstanden i Norge. Henta 19.04.2020 frå: <https://www.fhi.no/nettpub/hin/befolkning/levealder/>

Hinojosa, J., Kramer, P. & Royeen, C. B. (2017) *Perspectives on Human Occupation*. (2.utg). Philadelphia: F.A. Davis Company.

Høgskulen på Vestlandet. (U.Å). Søk etter fagressursar. Henta 20.04 2020 frå:

<https://www.hvl.no/bibliotek/sok-etter-fagressursar/?filters=Ergoterapi>

Imms, C., Mathews, S., Richmond, K. N., Law, M. & Ullenhag, A. (2015). Optimising leisure participation: a pilot intervention study for adolescents with physical impairments. *Disability and Rehabilitation*, 38(10), 963-971. doi:

10.3109/09638288.2015.1068876

Kartverket. (2020). Kartlegging av tilgjengelegheit. Henta 27.03 2020 frå:

<https://www.kartverket.no/geodataarbeid/Universell-utforming/Kartverkets-arbeid-med-Universell-utforming-og-tilgjengelighet-i-byer-og-tettsteder/>

Kissow, A.-M. & Klasson, L. (2018). *Deltakelse for barn og unge med nedsatt funksjonsevne, med særlig fokus på deltakelse i fysisk aktivitet- En systematisert kunnskapsoversikt (Rapport nr. 1 2018)*. Valnesfjord: Nasjonal Kompetansetjeneste for barn og unge med funksjonsnedsettelse. Henta frå: <https://www.aktivung.no/deltakelse-for-barn-og-unge-med-nedsatt-funksjonsevne-med-saerlig-fokus-paa-deltakelse-i-fysisk-aktivitet.6066992-463834.html>

Kleppen, H. (2005). *Våte, ville Sommarland*. Bø: Bø Sommarland

Law, M., Anaby, D., Imms, C., Teplicky, R. & Turner, L. (2015). Improving the participation of youth with physical disabilities in community activities: An interrupted time series design. *Australian Occupational Therapy Journal*, 62, 105-115. doi: 10.1111/1440-1630.12177

Likestillings- og diskrimineringsloven. (2017). *Lov om likestilling og forbud mot diskriminering* (LOV-2017-06-16-51). Henta frå:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-51>

NAKU (2019) Kultur og fritid. Henta frå: <https://naku.no/kunnskapsbanken/kultur-og-fritid#main-content>

NOU: 2001:22 (2001). *Fra bruker til borger - En strategi for nedbygging av funksjonshemmende barrierer*. Oslo: Arbeids- og sosialdepartementet, Sosial- og helsedepartementet

Parques Reunidos. (U.Å.). GLOBAL OPERATOR. Henta 28.04.2020 frå:

<https://www.parquesreunidos.com/en/global-operator/>

The center for universal design (2018) *Universal design history*. Henta 16.04.2020 frå:

https://projects.ncsu.edu/ncsu/design/cud/about_ud/udhistory.htm